

---

**Fra:** Petter H. Fosse <phf@misje.no>  
**Sendt:** 21. desember 2015 14:23  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Petter H. Fosse  
**Emne:** 15/4182 Innspel til trafikksikringsplan 2016  
**Vedlegg:** DSCN6255.JPG; d.JPG; a.JPG

**Viktighet:** Høy

God dag

Med tilvising til ovannevnte plan vil eg med dette ta opp igjen det som var sagt i møte på Rådhuset i samband med synfaring av FV 404 Kvamme-Ytre Fosse og reguleringsplanen der.

Det gjeld Kvamslia (eller Kvamsbrekka som nokre seier)

Denne veistubben utgjer ein stor fare særleg for gåande – då det er svært liten bredde og stupbratt på vestsida.

Muren som fleire stader etterkvart er blitt stadig lågare etter asfalteringar gjennom åra – er ingen hinder for at ryggande bilar kan kjøre over og havna i husa nedanfor. Heilt oppe og nede ved Kvamsvåg-krysset er der ikkje mur i det heile!

Det er faktisk mange som dagleg kvier seg for å kjøra der. Bussjåførane har det ikkje godt når dei kjører der, særleg med skuleborn. For vi veit at det har vore utras av stein under vegen. Difor kom det opp rassikring for eit par år sidan –

Enten må det setjast av midlar til oppstart av trafikksikring snarast – eller så må strekninga til så skjer - lysregulerast, slik at det til ei kvar tid er trafikk berre eine vegen der.

Eg legg ved nokre foto som fortel meir enn ord...

Med ynskje om at noko blir gjort, før det skjer ei alvorleg ulukke.

Beste helsing  
Petter H. Fosse  
Tel.: +47 55 21 00 22  
Mobile: +47 99 50 63 52  
[phf@misje.no](mailto:phf@misje.no)